

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland (H):

UTTALE FRÅ MELAND FORMANNSKAP TIL BYRÅDET I BERGEN  
SITT FRAMLEGG OM Å FLYTTE BOMSTASJONAR I ÅSANE TIL NORDHORDLANDSBRUA

1 Meland formannskap vil på det sterkaste oppmode Hordaland fylkeesting til å avvise byrådet i Bergen sitt framlegg om å flytte bompengeinnkrevjinga i Åsane til Nordhordlandsbrua (E39 Klauvaneset).

Framlegget inneber i praksis å sende heile «bompengerekninga» til trafikantar frå Nordhordland.

2 Dersom fylkeestinget ikkje avviser byrådet i Bergen sitt framlegg om å endre bompengeinnkrevjinga i Åsane må arbeidet med å etablere bomstasjonar i Nordhordland stoppast snarast.

3 Byrådet sitt framlegg viser trongen for å samordne bompengeinnkrevjinga i heile Bergensområdet under eitt. Meland formannskap vil be om at arbeidet med slik samordning startar snarast råd.

4 Det er eit absolutt krav at E39 Vågsbotn-Klauvaneset blir prioritert framfor ei eventuell bygging av bybane til Åsane.

5 Meland formannskap presiserer at Hordaland fylkeesting må vurdere fullgode, men mindre kostnadskrevjande alternativ til bybane i Åsane. Det blir anna synt til etableringa av Metrobuss Trondheim.